



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref:
2011/07642

Vår ref:
2021/21140-10
Ane Dorthea Lundberg Nordlie, vannmiljø
Øystein R. Andersen, Kulturarv/Arkeologi

Dato:
28.03.2025

Høyringssvar: Høyring - Føssaberge kraftverk - Planendringssøknad, Vang kommune

Bakgrunn

Me visar til brev motteke 11. februar. Clements Kraft AS har søkt om ei planendring for Føssaberge kraftverk i Begna/Storåni i Vang kommune. Planendringa inneber å auke effekten av kraftverket frå det konsesjonsgitte, ved å senke kraftstasjonen med to meter. Dette vil også innebære at utløpskanalen vert forlenga med ca. 200 meter nedover elveløpet.

Fylkeskommunens tilbakemelding

Vassmiljø

Forslaget inneber ei betydeleg endring i Langlimbekken sitt utløp, der bekken vil bli avskjært og ført ned i utløpskanalen. Vi kan ikkje sjå at det har vorte gjennomført kartlegging i bekken med tanke på fisk, eller at det er oppgitt om bekken har ein funksjon som gytebekk for aure frå Begna. Vi meiner slik kunnskap må vere på plass før ei avgjerd blir teken. Om bekken visar seg å vere ein gytebekk, meiner vi det må vurderast andre løysningar som varetek denne funksjonen (i alle fall i dei nedre delane, opp til fyrste naturlege vandringshinder).

Vidare meiner fylkeskommunen at NVE bør påleggje søkar å gjennomføre oppfølgande undersøkingar av tovegs fiskevandring forbi kraftverket i tillegg til funksjonen av lokkestraumen, slik at ein kan sikre at løysningane ein har gått for er gode nok. Vi støttar her opp om uttalen til Dr. Tech, men meiner det i tillegg bør bli gjennomført ei undersøking eit par år etterpå. Tiltakshavar bør også bli pålagt å gjennomføre opprettande tiltak om løysningane ikkje skulle fungere optimalt.

Kulturarv

Me kjenner ikkje til at planendringa vil kome i konflikt med kulturminne. Me gjer merksam på at dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Innlandet fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Hekne
Seksjonssjef - Klima, miljø og naturmangfald

Ane Dorthea Lundberg Nordlie
Rådgivar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I INNLANDET
VANG KOMMUNE